

Grusbaneprosjektet vert starta til sommaren

08.03.2015



Bjørn Olav Tveit lengst til venstre er ein nøkkelperson i grusbaneprosjektet. Her er han saman med Anbjørn Høivik, Siren Simones og Edel Karin Legland under årsmøtet i idrettslaget ikveld.

Hvis finansieringa fell på plass vert idrettslaget sitt store grusbaneprosjekt starta på ettersommaren, vart det opplyst under årsmøtet i Gamleskulen ikveld. Prosjektet vil truleg kosta i overkant av 5 millionar og vert delt inn i 5 steg med kunstgrasbane som det første steget til ein kostnad på 2,5 millionar. Seinare kjem turstiar med treningsapparat, klatrepark, skatepark, sandvolleybane og bocciabane, men rekkefylgja er ikkje spikra. Arbeidet med finansieringa av steg nummer ein er svært viktig for å komme igang og Sparebankstiftinga står her sentralt, seier Michael Røssland og Bjørn Olav Tveit til uskedalen.no

<u>Totalkalkyle - Trinn 1-5</u>		Finansieringsplanen for det første byggjesteget har 800 000 frå kommunen, 733 000 i tippe midlar, 400 000 frå Frank Mohn/Hordaland Fotballforbund og 200 000 frå Marine Harvest.	
Kunstgressbane - Trinn 1	kr	2 406 653	
Turstiar og treningsapparater - Trinn 2	kr	592 250	Å få på plass kommuneløyvinga i økonomiplanen og oppnå ein kommunegaranti for lån er også vesentleg.
Klatrepark - Trinn 3	kr	667 000	
Skatepark/BMX - Trinn 4	kr	1 207 500	
Strandvolleyball og boccia - Trinn 5	kr	188 600	
Sum totalprosjekt	kr	5 062	

Hovudkalkylen for grusbaneprosjektet ser slik ut. Klikk på tala så vert dei tydelegare.

Tidlegare i vinter tok styret i idrettslaget ansvar for å etablira ei gruppe som startar arbeidet med å skaffa sponsorinntekter. Samstundes tok styret ansvar for den praktiske gjennomføringa - inklusiv dugnad og det betyr altså i første omgang byggjing av det første steget. Grusbanegruppa har ansvar for å arbeide fram dei resterande stega og skaffe finansiering

Alf Eidsvik takkar no for seg etter 4 år som leiar av laget og styret har etter årsmøtet denne samansettinga: Oddmund Soldal, Arvid Hjelmeland, Knut Johannes Ripel, Helene Huse Bjørnebøle, Geir Enes og Frode Stensletten. Styret skal konstituera seg sjølv seinare.

Som leiarar i gruppene sit Kjetil Myklebust i fotballgruppa, Edel Karin Legland i turngruppa, Knut Johannes Ripel i ski- og friidrettsgruppa, Steinar Haugland i turgruppa og Thomas F. Eide i klatregruppa.

2014 var eit aktivt år der det var stor oppslutnad om aktivitetane i undergruppene og dei arrangement som vart gjennomført. I årsmeldinga får grusbanegruppa ros for ein veldig god jobb. Laget hadde i fjor 230 medlemmer og det var ein liten auke frå året før.

Oppgraderinga av Heio starta i fjor og held fram og bør avsluttast i år. Løpebane og kant rundt er på plass og brønnboring og vatn er ferdigstilt. Garderobebygget har fått nytt tak, vindauge og dører. Det som i hovudsak står att er siste del av løpebanekanten og kjøken.

Økonomien i laget er god og rekneskapen hadde eit overskot på 24 271 kroner.
Resultatet skuldast fleire større gåver til mange av prosjekta saman med nøktern drift i alle gruppene og gode inntekter av arrangement. Undergruppene er godt organiserte og styrer seg sjølve godt-

Tekst, foto og nett:Ola Matti Mathisen